

Rovviltnemnda region 2
v/ Anne-Nora Oma Dahle

Dato: 26.11.25

Klage på gaupekvote 2026 i region 2

Telemark Sau og Geit vil på vegne av undertekna bondeorganisasjonar i Buskerud, Vestfold, Telemark og Agder fremje klage på gaupekvota for 2026 i region 2. Gaupebestanden har auka frå 12 familiegrupper i 2022 til 17,5 i 2025. Det er ei auke på nesten 50 % på berre tre år. Bestandsmålet er 12 familiegrupper i region 2, og med kvota som er fastsett for 2026, er det verken realistisk eller sannsynleg at bestanden kjem ned på bestandsmålet.

Med eit bestandsgjennomsnitt på 15,2 dokumenterte familiegrupper dei siste åra, er det ingen tvil om at gaupekvota har vore for låg.

Ordninga med å unnta familiegrupper frå kvota dei tre første vekene av jaktperioden er i praksis ei freding av familiegrupper. I somme område er det store tap, og ingen uttak av familiegrupper vil føre til unødvendige tap av beitedyr. Når bestanden ligg så pass langt over bestandsmål, burde det vera uproblematisk å ta ut familiegrupper.

Gaupekvota vert stort sett delt likt etter areal. Me meiner det burde vore tatt ut fleire dyr i område der det er store tap av beitedyr.

Me minner om at kvotejakt er det viktigaste konfliktdempande tiltaket me har for å redusere tapet av beitedyr til gaupe.

Oppsummert så ynskjer me ei større totalkvote for å få bestanden ned på bestandsmål, og større del av kvota må tildelast område med store tap.

Mbh

Jon Aslak Austjore
Leiar
Telemark Sau og Geit

Gerd Jorde
Leiar
Buskerud Sau og Geit

Kurt Stanley Olsen
Leiar
Agder Bonde- og Småbrukarlag

Lars Bjarne Linneflaatten
Leiar
Vestfold Sau og Geit

Trude Flatland
Leiar
Telemark Bondelag

Kåre Blålid
Leiar
Agder Sau og Geit

Sveinung Kjellemo
Leiar
Telemark Bonde- og Småbrukarlag

